Årsmelding 2019

Ørsta IL Fotball er registrert med adresse i Holmegata 20, i Ørsta kommune. Ørsta IL Fotball har vorte en stor familie med aktive i alle årsklasser for både jente og gut, dame og herre.

Visjon; ein arena for alle og rom for den einskilde, peikar framover der målet er å gi eit tilbud til alle uansett nivå.

Forutsetninga for vidare drift er til stades.

	2018	2019
Driftsinntekter	4.834.270,-	5,717,068,-
Resultat	- 530,074,-	77,871,-
Eigenkapital	Ørsta Idrettslag	Ørsta Idrettslag

Det er avholdt 10 styremøter og behandla 38 saker. I tillegg har det blitt avholdt et ekstraordinært gruppemøte m/val. Styret vurderer det slik at oversikta over gir eit riktig bilete over utviklinga, resultat og klubben sin stilling.

Ørsta IL Fotball har i året 2019 ikkje sett i verk forsking eller andre utviklingsaktiviteter utover det som høyrer drifta til.

Område rundt kunstgrasbana og kombibygget har fått eit vesentlig løft med asfalt og framstår no som nesten ferdig, det manglar eit tribuneanlegg som kjem i løpet av vår 2020. Nytt anlegg for oppsamling av granulat er og på plass noko vi ser er ein nødvendigheit for å hindre at graunlat forlet stadionområdet og ut i naturen. I 2019 flytta vi inn i nye klubblokaler i Ørstahallen. Det var eit løft sammenlikna med tidlegara klubbhus, og brakka som vi holdt til i 2018. Ørstahallen er eit positivt bidrag for Ørsta kommune og idretten. Der har komt mange nye aktiviteter. Futsal har blitt ein populær aktivitet blant våre medlemmar. FFO har fått fleire ungar etter at dei flytta inn i Ørstahallen og nye lokaler, eit positivt løft som har auka attraktiviteten til FFO.

Det har vore mange gode prestasjonar på ulike nivå i klubben, for mange til å nevne. På toppnivå har damelaget rykka opp til 3. divisjon, mens herrelaget rykka ned til 5.divisjon.

Årets dans med Vassendgutane: Resultat og antal besøkande på årets dans veldig bra. Vi arrangerte dansen for første gang i Ørstahallen med stor suksess. Der var nærara 2000 gjestar og klubben fikk eit overskot på kr 405,000,- Pga dei gode erfaringane har vi valgt å legge årets dans til Ørstahallen.

Økonomigruppen og styret iverksatte fleire sparetiltak i 2019 for å betre den økonomiske situasjonen. Det har gitt resultat i form av at klubben leverer overskot. Men utsikta framover er fortsatt utfordande, vi må ha eit stort fokus på kostnader, samtidig som vi prøver å oppretthalde inntektene.

Vi har dessverre måtte redusere ein del støtte til ulike tiltak da klubben ikke har økonomi til dette. Det er foretatt store og nødvendige investeringer i bane/anlegg som gir fotballgruppa mindre handlingsrom økonomisk.

Det som gjenstår av «nødvendige» investeringer i 2020 er å få på plass tribuneanlegg på Aurstad Arena, den er kostnadsregnet til rundt kr.900.000,- inkl. mva. Finansiering av tribuna er sikra. Tribuna er venta på plass i løpet av våren.

Fotballgruppen har også etablert scoringsklubb for både A-lag Herrer og A-lag Damer og håper flere vil være med på dette i sesong. Styret har valgt å ikkje auke treningskontingent for 2020.

Ørsta IL Fotball har to fast tilsette. Dette saman med tilkallingshjelp utgjer 1,8 årsverk. Styret har 7 faste medlemmer. Ørsta IL Fotball har kontrakt med trenara for laga 16 år og oppover. Dette i tillegg til mange foreldre som lagleiara, dommara og dugnadshjelpere. Klubben har ca. 550 registrerte spelara i alderen 6 år og oppover. Ørsta IL Fotball vil i framtida behandle menn og kvinner likt ved eventuell tilsetning/rekruttering til stilling/styreverv og andre oppgaver. Det har for året 2019 vært 0 sykedager/meldinger for de ansatte.

Ørsta 6.2.2020.

Tov Lerheim	Bjørnar Vartdal	Frode Følsvik	Ellen B Eikenes
-styreleder-	-økonomileder-	-sportslig leder- H	sportslig lede-D

Ane Austnes	Kristian Maude	Håkon Woldsund
-leder kvalitetsklubb-	-leder aldersbestemt-	-leder bane og anlegg-